

FOLKEBIBLIOTEK I HORDALAND

ÅRSSTATISTIKK 2005

Om statistikkføringa

Vi har førebels ikkje fått tilgang til den nasjonale statistikken for 2005 og samanlikningar med landsgjennomsnittet blir derfor for 2004.

OVERSYN

I Hordaland er det 67 (74)* bibliotekavdelingar. Det er bokbuss i 8 (8) kommunar og fylket har ein bokbåt med i alt 53 (53) stoppestader fordelt på 21 kommunar. Dei mobile einingane har i alt 326 (338) stoppestader i fylket. Folketalet i fylket er omtrent uendra med 448 363 (445 059), for barn er endringa svært lita med 92 609 (92 662) medan det har vore ei lita auke av vaksne 355 754 (352 397). 20,7% av innbyggjarane i Hordaland er 14 år eller yngre, men dette talet varierer sterkt frå 17,1% barn i Eidfjord som det lågaste og 25,9% i Fjell som det høgste.

ØKONOMI

Den generelt dårlege kommuneøkonomien viser også igjen på folkebiblioteka sin økonomi. Medieløyvingane for 2005 gjekk ned til kr.13 328 277,- (13 706 803,-), noko som utgjer kr.29,73 (30,80) pr. innbyggjar. Dette er det lågaste nivået sidan 1997. Landsgjennomsnittet pr. innbyggjar er i skrivande stund ikkje klart, men gjennomsnittet for Hordaland 2005 ligg over landsgjennomsnittet for 2004 som var på kr. 29,48.

Medieløyving pr. innbyggjar er eit tal som alltid varierer frå kommune til kommune. Modalen er som vanleg i ei særstilling med ei medieløyving på kr. 254,85 (253,84) pr. innb. Fedje har fått auka sitt budsjett og trygga andreplassen sin med kr.128,59 (110, 88) pr. innb., og Ulvik på tredje har ei medieløyving på kr. 96,30 (98,21) pr. innb.

Den generelle nedgangen i medieløyvingane ser vi igjen i at det i 2005 var det 6 (5) kommunar i fylket som løyvde mindre enn kr. 20,- pr. innb. til mediekjøp. Bergen har også hatt ein liten nedgang og hadde i 2005 ei medieløyving på kr. 29,56 (29,68) pr. innbyggjar.

I Hordaland blei det i gjennomsnitt løyvd kr. 230,22 (226,29) pr. innb. til drift av folkebibliotek i 2005. Det er vanskeleg å samanlikne løyvingar for drift mellom kommunane. T.d. betalar ikkje alle folkebibliotek husleige og dette gjer utslag i store forskjellar i løyvingar pr. innbyggjar til drift. (Sjå Diagram 1 og 2)

* Tala i parentes gjeld 2004




Diagram 1




Diagram 2

PERSONALE

I Hordaland har 25 (22) kommunar av 33 fagutdanna biblioteksjef. Berre 19 (19) av 33 kommunar har biblioteksjef i full stilling.

Gjennomsnittleg årsverk pr. 1000 innb. for Hordaland heldt seg ganske stabilt og ligg på 0,38 (0,38). Dei to minste kommunane i fylket, Fedje og Modalen, har over eitt årsverk pr. 1000 innb. 8 (8) kommunar har mindre enn 0,3 årsverk pr. 1000 innb. Hordaland ligg framleis litt under landsgjennomsnittet for 2004 som var 0,40 (0,41.) (Sjå Diagram 3)




Diagram 3

MEDIEBESTAND

Den totale tilveksten av bøker var i 2005 på 99 702 (85 759). Dette er ei kraftig auke på nesten 14 000 bøker.

Medan tilveksten av andre media auka sterkt frå 2003 til 2004 så ser den no ut til å ha stabilisert seg. I 2005 var den totale tilveksten av andre media på 25 099 (25 328). Den totale bestanden av lydbøker i Hordaland ligg no på 38 771 (34 291), video/dvd på 36 245 (31 438), Cd-rom 2 910 (2 693) og musikkinnspelningar 58 755 (52 971).

UTLÅN OG BESØK

Bokutlånet hadde ein liten nedgang i 2005 etter ein god oppgang i 2004. Det totale bokutlånet i 2005 var på 1 814 911 (1 878 771). Bokutlånet til barn gjekk litt ned til 779 196 (783 415), medan nedgangen for vaksenbøker var meir markant med 1 035 715 (1 095 356). (Sjå Diagram 4)




Diagram 4

Utlånet av andre media enn bøker hadde ei auke og var i 2005 på 898 510 (886 235). Av dette utlånet står Bergen Off. Bibliotek for 636 941 (647 404), dvs. 70,9% (73%). Andre media enn bøker utgjør 10,3% (9,7%) av bestanden og står for heile 33,1% (32%) av utlånet.

I tillegg kjem 23 506 (24 160) utlån som vart gjort på bokbåten.

Bokutlån i Hordaland:

	2005	2004	2003	2002	2001
Pr. Barn 0-14 år	8,41	8,45	7,77	7,36	
Pr. Barn 0-12 år				8,42	8,37
Pr. Vaksne 15- år	2,91	3,11	3,10	3,01	
Pr. Vaksne 13- år				2,91	2,95

Det totale utlånet ved folkebiblioteka i Hordaland gjekk litt ned frå 2004 til 2005. Eit totalutlån på 2 713 421 (2 765 006) utgjør ein nedgang på 1,9%. Utlånet pr. innbyggjar var på 6,05 (6,21), noko som er litt over det nasjonale gjennomsnittet for 2004 som var 5,53. (Sjå Diagram 5)




Diagram 5

Sjølv om det totale utlånet har gått litt ned for heile Hordaland, er det likevel store variasjonar i kommunane. Vaksdal kommune hadde den største auke i totalutlånet med heile 40,5. 8 (9) kommunar hadde ei auke i totalutlånet på over 10%. Dei fleste kommunane har mindre endringar i utlånet. Kommunen med størst nedgang er Tysnes med ein nedgang på 53,6%. Til saman 4 (3) kommunar hadde ein utlånsnedgang på over 10%.

Talet på registrerte besøk i biblioteka har halde seg ganske stabilt dei siste to åra. I alt 2 537 512 (2 445 754) personar besøkte biblioteka i fjor. Den reelle forskjellen er truleg mindre sidan det i 2004 var 6 bibliotek som ikkje har registrert besøk. 62,1% (66,7%) av desse besøka kom i Bergen. Talet på førespurnader gjekk litt opp til 325 376 (313 281). Dette er også eit tal med store feilmargar sidan 5 av biblioteka ikkje har registrert tal på førespurnader.

IT OG INTERNETT

54 (54) bibliotekavdelingar av totalt 67 (74) avdelingar har Internett for publikum. Mellom desse er alle hovudbiblioteka. Alle folkebiblioteka har eigne heimesider med varierende innhald. 27 (24) kommunar har katalogen sin på Internett.

FJERNLÅN

For heile fylket var det totale innlånet frå andre bibliotek 18 083 (19 798) og innlånet pr. 100 innbyggjar er no 4,03 (4,43). Her er det igjen store forskjellar mellom kommunane. Som i fjor toppar Ulvik lista med 35,64 (45,19) innlån pr. 100 innb. Bergen ligg på den andre enden av lista med eit innlån på 0,74 (0,91) pr. 100 innb. Landsgjennomsnittet for 2004 var på 6,14. (Sjå Diagram 6)

Fjernlån (innlån) pr. 100 innb. 2004-2005




Diagram 6

OVERSIKT 2005								
MEDIEUTGIFTER PR. INNBYGGJAR			UTLÅN PR. INNBYGGJAR			BESØK PR. INNBYGGJAR		
2005	KOMMUNE	Kr.	2005	KOMMUNE	Antall	2005	<i>Kommune</i>	Besøk
1	Modalen	305,88	1	Modalen	17,19	1	Modalen	21,59
2	Fedje	122,11	2	Odda	10,01	2	Odda	11,50
3	Ulvik	99,62	3	Jondal	9,16	3	Øygarden	7,94
4	Eidfjord	90,48	4	Ulvik	8,35	4	Fjell	7,49
5	Odda	74,65	5	Eidfjord	7,97	5	Jondal	7,10
6	Ullensvang	58,29	6	Osterøy	7,81	6	Ulvik	6,93
7	Øygarden	56,86	7	Kvam	7,69	7	Fedje	6,78
8	Austrheim	55,95	8	Øygarden	6,89	8	Bergen	6,59
9	Masfjorden	51,32	9	Bergen	6,87	9	Bømlo	5,54
10	Granvin	47,10	10	Fusa	6,42	10	Lindås	5,48
11	Jondal	45,38	11	Samnanger	6,31	11	Fusa	5,12
12	Fusa	45,30	12	Bømlo	6,29	12	Sund	5,06
13	Samnanger	43,93	13	Fedje	6,12	13	Kvam	5,03
14	Etne	43,10	14	Kvinnherad	3,06	14	Askøy	4,99
15	Kvam	42,03	15	Meland	5,50	15	Eidfjord	4,73
16	Osterøy	38,33	16	Granvin	5,47	16	Kvinnherad	4,61
17	Voss	34,94	17	Lindås	5,34	17	Osterøy	4,30
18	Meland	32,02	18	Os	5,30	18	Voss	4,18
19	Lindås	30,90	19	Masfjorden	5,09	19	Os	3,62
20	Bergen	29,89	20	Austrheim	4,92	20	Meland	2,93
21	Vaksdal	28,89	21	Askøy	4,80	21	Stord	2,89
22	Askøy	28,36	22	Voss	4,34	22	Granvin	2,40
23	Radøy	27,75	23	Fjell	3,75	23	Austevoll	2,25
24	Austevoll	26,26	24	Stord	3,63	24	Samnanger	2,22
25	Fitjar	25,71	25	Vaksdal	3,61	25	Etne	2,20
26	Os	25,66	26	Radøy	3,49	26	Sveio	2,14
27	Kvinnherad	25,32	26	Sund	3,49	27	Ullensvang	1,91
28	Sveio	25,04	28	Sveio	3,42	28	Radøy	1,85
29	Bømlo	24,10	29	Austevoll	3,35	29	Masfjorden	1,57
30	Tysnes	23,36	30	Etne	3,20	30	Austrheim	1,31
31	Sund	19,67	31	Fitjar	3,14	31	Fitjar	1,16
32	Fjell	17,41	32	Ullensvang	3,03	32	Tysnes	1,06
33	Stord	16,14	33	Tysnes	1,32	33	Vaksdal	0,24

Landsgjennomsnitt: 2004: Landsgjennomsnitt:2004:
29,48 5,53